



«Mottakernavn»

Kontakt saksbehandlar

«Adresse»

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

HØYRINGSBREV - Frivillig vern av skog i Rogaland - 5 skogområde - Ulvaskog - Honganvik - Griggelia - Hylsskaret - Ragstjørna - Verneprosess 2023 / 2024

Statsforvaltaren sender med dette forslag om vern av fem skogområde i Rogaland på offentleg høyring i tråd med naturmangfaldlova § 43. Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Verneforslaget omfattar tre nye naturreservat og utviding av to eksisterande naturreservat. Alle områda er tilbydd for vern gjennom ordninga frivillig vern av skog.

Alle som ønsker kan komme med merknadar innan 15. mai 2024.

Skogareala er tilbydd for vern av skogeigarane sjølve gjennom ordninga med frivillig vern av skog. Frivillig vern forutset at grunneigar og staten blir einige og inngår avtale om erstatning, avgrensing og verneregler før vernevedtak. Ei slik avtale er foreløpig ikkje inngått for nokon av områda, men denne høyringa vil avklara avgrensing og verneregler, og taksering og økonomiske forhandlingar er i gang. Dette inneber at det kan bli endringar både i vernegrense og verneregler i forskriftene som eit resultat av forhandlingane og denne høyringa.

Dei tre nye skogområda som blir foreslått verna er:

- **Ulvaskog**, Strand kommune, ca. 3938 daa, eigd av 3 grunneigarar
- **Honganvik**, Sauda kommune, ca. 2087 daa, eigd av 12 grunneigarar
- **Griggelia**, Sandnes kommune, ca. 1155 daa, eigd av 1 grunneigar

Dei to naturreservat blir foreslått utvida er:

- **Hylsskaret**, Suldal kommune, utviding ca. 414 daa, eigd av 1 grunneigar.
Nytt areal totalt ca. 12 127 daa.
- **Ragstjørna**, Gjesdal kommune, utviding ca. 104 daa, eigd av 2 grunneigarar.
Nytt areal totalt ca. 650 daa.



Statsforvaltaren meldte oppstart av verneprosessen for alle desse områda 11. desember 2023.
Oppsummering av innkomne innspel finst i høyringsdokumentet.

Verknader av vernet

Eit vernevedtak vil få konsekvensar for bruken og kva for aktivitetar som kan gå føre seg i dei foreslårte verneområda. Alle tiltak som kan føre til endringar i naturmiljøet vil vere forbodet. Dette inneber generelt at fysiske inngrep i form av blant anna oppføring av bygningar, skogsdrift, vedhogst, grøfting og motorferdsel ikkje kan gjennomførast.

Statsforvaltaren minner likevel om at tradisjonelt friluftsliv og plukking av bær og sopp samt jakt kan finna stad som tidlegare. Me visar elles til vedlagte forslag til verneforskrifter for ytterlegare detaljar om reglar som gjeld og kva for aktivitetar det er opent for i dei ulike verneområda.

Høyringa og ønska merknader

Statsforvaltaren har utarbeidd eit samla høyringsdokument for alle dei 5 verneforsлага. For kvart område inneheld det ei skildring av verneverdiar og brukarinteresser. I tillegg er det vedlagt konkret forslag til verneforskrift med verneregular, samt vernekart.

Høyringsdokumenta blir sendt breitt ut til alle grunneigarar, naboar, aktuelle foreiningar og offentlege instansar i samsvar med vedlagte mottakarlister. Høyringsdokumenta blir også lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside (<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/>) under > Miljø og klima, > Verneområde. Dei som ønsker å få tilsendt papirkopi kan ta kontakt med Statsforvaltaren. Foreslått avgrensing vil etter kvart bli lagt ut på Miljødirektoratets naturbase (www.naturbase.no). Under «Verneområder» og «Foreslårte naturvernområder» i kartlagslista i venstre marg.

Formålet med høyringa er å få synspunkt og merknader til verneforsлага. Me ber spesielt om at dykk og andre brukarar av områda, går nøyne gjennom forslag til verneforskrifter og gir oss tilbakemelding dersom dykk har meir informasjon om området som kan være av betydning for den vidare verneprosessen. Slik informasjon kan for eksempel vere om andre stiar som er i bruk, eksisterande bygningar, anlegg eller traktorvegar som det bør knytast føreseggn til og merkast av på vernekartet. Statsforvaltaren ønsker særleg synspunkt på:

- Områdenamn
- Naturverdiar som ikkje allereie er kjende.
- Bruk av områda som ikkje allereie er kjende.
- Eventuelle konfliktar med andre interesser. Eventuelle konfliktar bør skildrast konkret, og også kva som vil vere nødvendig for å løysa eller redusera konflikten.
- Avgrensinga av områda.
- Forskriftene med verneregular, unntak frå vernereglane og dispensasjonsreglar.
- Eventuelle behov for skjøtsel og tiltak, samt innspel til forvaltning av områda.
- Eventuelle feil i høyringsdokumentet, mottakarlista og aktuelle gnr./bnr.

Kommunane bes vurdera om dei ønsker å få forvaltningsmynde for sine verneområde. Sjå meir informasjon om dette i kap. 7 i høyringsdokumentet. Dersom kommunen ønsker slik mynde, ønsker Statsforvaltaren å få melding om dette i høyringa.



Videre sakshandsaming

Når høyringsfristen er ute, vil Statsforvaltaren vurdere innkomne merknadar og gjere eventuelle endringar i verneforslaget. Deretter vil Statsforvaltaren sende si tilråding om vern til Miljødirektoratet, som også vil vurdere verneforsлага og sende si eige tilråding vidare til Klima- og miljødepartementet. Departementet forbereder saka og legg forslaget om vern fram for Kongen i statsråd. Vedtak om vern skjer ved kongeleg resolusjon. Samstundes med verneplanprosessen vil det vere forhandlingar mellom grunneigarar og staten.

Etter vernevedtak blir grunneigarar og høyringsinstansar underretta ved brev, vernekart gjort tilgjengeleg i Naturbase og Statsforvaltaren sørger for at naturreservata blir skilta og grensemerka.

Frist

Statsforvaltaren inviterer og oppfordrar med dette til å komme med merknadar til dei vedlagte verneplanane.

Frist for å uttale seg til verneforslaget er satt til **15.05.2024**.

Utalar sendast skriftleg, anten i brev til **Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger** eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no. Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer 2023/13230, og hugs å skriva kva område det gjeld.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
ass. fylkesmiljøvernsjef

Solbjørg Engen Torvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 HØYRING, 5 verneområde, mars 2024
- 2 Ulvaskog kart og forskrift
- 3 Honganvik kart og forskrift
- 4 Griggelia kart og forskrift
- 5 Hylsskaret kart og endringsforskrift
- 6 Ragstjørna kart og ny forskrift
- 7 Mottakarliste HØYRING, mars 2024